



Åseral kommune

EINING FOR UTVIKLING

Melding om vedtak

NVE, Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	3130/2017 - 2012/263	Øyvinn Moltumyr	S11	18.05.2017

UTTALE TIL HØYRING AV SØKNADER OM KONSESJON FOR BYGGING AV 5 VASSKRAFTVERK - MED TILLEGGSINFORMASJON FRÅ SØKJAR OG KOMMENTARAR TIL DENNE

Vedlagt følgjer særutskrift av saka som vart handsama i kommunestyret 15. mai, saknr. 16/2017

Med helsing

Øyvinn Moltumyr
nærings sjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

UTTALE TIL HØYRING AV SØKNADER OM KONSESJON FOR BYGGING AV 5 VASSKRAFTVERK - MED TILLEGGSINFORMASJON FRÅ SØKJAR OG KOMMENTARAR TIL DENNE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
S11	2012/263	Øyvin Moltumyr	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
17/33	Kommunalutvalet	02.05.2017
17/16	Kommunestyret	15.05.2017

Vedlegg:

- 1 Kart der dei omsøkte prosjekta er avmerkt
- 2 Dagens Møte i Hovudutval for Drift og Utvikling NB! HASTER
- 3 Notat til Næringsssjefen i Åseral kommune fra Ljosland Fallrettsameie vedrørende sak nr. 17-20 05.04.17

Bakgrunn:

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) har sendt fem søknader om løyve til å bygge små vasskraftverk i Åseral ut til høyring.

Ved å handsama søknader frå same område gruppevis ønskjer NVE å få til ein effektiv avgjerdsprosess der ein tek stilling til både det einskilte anlegget og den samla verknaden av prosjekta.

Dei aktuelle prosjekta er:

Navn	Stad	Søklar	GWh	Kr/KWh
Herresbekken kraftverk	Smeland m.fl.	Herresbekken Kraft SUS	5,45	3,30
Gjermundsbekken kraftverk	Ljosland	Ljosland fallrettsameie	4,10	4,90
Skothomtjønn kraftverk	Ljosland	Ljosland fallrettsameie	4,40	5,56 Alt. 2
Bliksåna kraftverk	Breland	Tinfos AS	4,54	4,80
Hamkollåna kraftverk	Hamkoll	Bjørn Erik Smeland	4,47	3,96

For alle søknadene er det og søkt om anleggskonsesjon etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner.

Kraftverka vil gje ein årleg kraftproduksjon på til saman 22,96 GWh.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter

vassressurslova § 8. Søknadane skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover».

Søknadane utgjer til saman svært mykje materiale. I denne saka ønskjer vi å berre ta med ei kort skildring av søknadene. Ut over dette ber vi politikarane eventuelt studera søknadene på www.nve.no/konsesjonssaker Søknadene er og lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset fram til 15.05.2017.

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Når søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga som anlegga kan utgjera for natur og lokalsamfunn. Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det. Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Uttalefristen er sett til 15. mai.

Gjermundsbekken – Ljosland Fallrettsameie:

Gjermundsbekken kraftverk vil nytte eit fall på 255 m frå inntaket på kote 790 ned til kraftstasjonen på kote 535. Tilløpsrøyret bli ca. 1000 m langt, og er planlagt nedgrave i heile si lengde på vestsida av Gjermundsbekken. Det er planlagt at røyrgata skal brukast som anleggsvei i ein eventuell anleggsperiode. Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaket. Middelvassføringa er berekna til 299 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 747 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,5 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 4,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1200 m lang elvestrekning i Gjermundsbekken. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 19 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 17 resten av året.

I kommunedelplanen for Ljosland er den nedste, og mest synlege delen av arealet bekken renn gjennom regulert til byggeområde. Den øvre delen av område er LNF-område.

Herresbekken kraftverk – Herresbekken Kraft SUS:

Herresbekken kraftverk vil nytte eit fall på 175 m frå inntaket på kote 450 ned til kraftstasjonen på kote 275. Tilløpsrøyret bli ca. 1000 m langt, og er planlagt nedgrave i heile si lengde på sørsida av Herresbekken. Røyrgata vil bli brukt som anleggsvei i ein eventuell anleggsperiode. Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaket. Middelvassføringa er berekna til 590 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1330 l/s . Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,05 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 5,45 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1000 m lang elvestrekning i Herresbekken. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 30 l/s heile året.

Arealet er regulert til LNF-område.

Skothomtjønn kraftverk – Ljosland fallrettsameie:

Skothomtjønn kraftverk er omsøkt med to alternative utbyggingsløyser. Etter at Agder Energi fekk konsesjon til å auke reguleringa av Langevatn med 10 meter er det alt. 2 som er aktuelt. Alternativ 2 vil nytte eit fall på 11 m frå inntaket på kote 704 ned til kraftstasjonen på kote 693. Røyrgata vil bli på 225m. Tilløpsrøyret er planlagt nedgrave i heile si lengde på

austsida av elva. Middelvassføringa er berekna til 8,5 m³/s. Det er søkt om slepp av ein minstevassføring på 500 l/s heile året.

Arealet er regulert til LNF-område og er ein del av Setesdal vesthei villreinområde.

Hamkollåna kraftverk – Bjørn Erik Smeland:

Hamkollåna kraftverk vil nytte eit fall på 296 m frå inntaka på kote 690 ned til kraftstasjonen på kote 394. Det planlegges å nytte to nedslagsfelt med to inntak. Det eine inntaket er planlagt nedanfor Øytjønn, og det andre inntaket nedanfor Storheitjønn. Frå inntaket ved Øytjønn ledes vannet inn i eit 588 m langt tilløpsrøyr som blir nedgrave under eksisterande traktorveg, og ca. 60 m lenger ned vil røyrkata krysse elveløpet i luftspenn frem til møtande røyrgate frå Storheitjønn. Frå inntaket ved Storheitjønn går vassvegen som ein 354 m lang nedgrave røyrgate frem til møtande røyrgate frå Øytjønn på kote 580. Ca. 10 m etter koblingspunktet frå Øytjønn og Storheitjønn vil røyrkata krysse elveløpet i luftspenn. Vidare går vassvegen som nedgrave røyrgate ned til kraftstasjonen på kote 394. Det planleggast å etablere ein ca. 70 m lang traktorveg frå eksisterande traktorveg og fram til inntaket ved Storheitjønn. Middelvassføringa er berekna til totalt 284 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 710 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,8 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 4,47 GWh. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 10 l/s heile året frå inntaket ved Øytjønn og 12 l/s heile året frå inntaket ved Storheitjønn.

Arealet er regulert til LNF-område.

Bliksåna kraftverk – Tinfos AS:

Bliksåna kraftverk vil nytte eit fall på 130 m frå inntaket på kote 635 ned til kraftstasjonen på kote 505. Inntaket er planlagt etablert like nedstrøms samløpet mellom Bliksåna og Lonebekken. Tilløpsrøyret bli ca. 1050 m langt, og er planlagt nedgrave i hele si lengde. Det er planlagt å etablere ein permanent avkjørsel frå fv 352 til planlagt kraftstasjon. Langs røyrtraseen skal det etablerast ein midlertidig anleggsveg. Denne skal bli tilbakeført som kjørestert terreng etter avslutta anleggsperiode. Middelvassføringa er berekna til 690 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,7 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,84 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 4,54 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1100 m lang elvestrekning i Bliksåna. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 40 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 25 l/s resten av året.

Arealet er regulert til LNF-område.

Vurdering:

Gjermundsbekken:

Før bygginga av overføringstunnellen mellom Langevatn og Åstøl må Ljosland ha vore ein særmerkt stad. Ei rad bekkar stupte ned mot fjellbygda frå dei omkringliggende heiene. I dag går Stigebossåna, Grytåna, Farevassåna, Ljosåna alle i synk og hamnar i Nåvatn, Monn har sterkt redusert vassføring. Gjermundsbekken er siste rest av opphavleg vassdragsnatur på Ljosland. Den sett sitt preg på landskapet der den renn gjennom eit av hyttefelta (Bydalsfeltet) på austsida av dalen. Har det ein verdi å ta vare på den siste bekken på Ljosland?

Det er rimeleg å tru at opplevinga av landskapet er viktig både for de fastbuande, for hyttebrukarane og gjestene på fjellstova. Samstundes ser det ikkje ut til at naturen langs med

bekken blir særleg nytta til friluftsliv. Satsing på reiseliv har vore sentralt på Ljosland dei siste tiåra. Område har ca. 500 hytter.

Utbygging av Gjermundsbekken har den nest høgaste kalkulerte kostnadene av de fem prosjekta som er til høyring. Det er altså eit prosjekt som vil gi relativt lite attende til utbyggerane og til samfunnet i høve til ulempene.

Herresbekken

Herresbekken er relativt lite synleg i landskapet. I søknaden blir det synt til ulike naturkvalitetar i området. Mi vurdering er at desse ikkje treng å bli skadelidande av ei utbygging. Søknaden angjev også korleis ein skal unngå dette. Om ein tek slike omsyn, er det vanskeleg å sjå moglege negative følgjer av ei utbygging.

Synfaringa synte at det er krevjande å ta seg fram langsetter bekken. Truleg er området difor lite brukt i friluftslivsamanheng.

Skothomtjønn:

Mi vurdering er at fleire moment talar mot etablering av dette anlegget.

I og med at Agder Energi nyleg fekk løyve til å auke vannstanden i Langevatn med 10 meter er det alternativ 2 som er aktuelt. Dette alternativet har ein relativt høg utbyggingskostnad i høve til potensiell straumproduksjon.

Området er ein viktig lokalitet for fleire sårbare artar som er unnateke offentlegheit. Dette går ikkje fram av søknaden med vedlegg. Anleggsarbeid i hekketida vil kunne vera svært uheldig, men truleg ikkje drifta av eit kraftverk i seg sjølv. Om det blir gitt løyve til bygging bår det settast ein føresetnad om at det ikkje blir utført anleggsarbeid i område til dømes før etter 15. juli.

Dersom Agder Energi aukar reguleringshøgda i Langevatn med 10 meter slik dei har fått konsesjon til så vil elva frå Langevatn til Skothommen truleg vera den einaste moglege gytebekken av betydning for dette relativt store vatnet. Kva vil redusert vassføring som følgje av kraftverket ha å seia? Eg kan ikkje så at dette er utgeia i tilstrekkeleg grad. Vil vassdraget, med redusert vassføring på den aktuelle strekninga, kunne gje tilfredsstillande yngelproduksjon? Dette bør kanskje utgreiast før NVE tek stilling til søknaden. Samstundes er det slik at fiske i Langevatn allereie er sterkt prega av utbygging.

Området ligg innafør Setesdal vesthei villreinområde.

Til slutt nemnar eg at område må seiast å vera eit relativt viktig friluftslivområde i og med at sommarløypa frå Ljosland til Gaukhei og Josephsbu går langsmed vassdraget.

Hamkollåna:

Dette vassdraget er lite eksponert i landskapet. Ut frå rapporten og synfaring i området er det vanskeleg å sjå moglege negative følgjer av ei utbygging.

Det bør vera eit moment at kraftstasjonen vil bli liggjande ganske nær fast busetnad. Før det blir gitt konsesjon må det difor dokumenterast at kraftstasjonen ikkje vil gje støyplager for dei næraste bebuarane.

Blikksåna:

Dette er og ei vassdrag som er lite eksponert i landskapet. Terrenget gjer at området truleg blir lite brukt i friluftslivsamanheng. Ut frå rapporten og synfaring i området er det vanskeleg å sjå moglege negative følgjer av ei utbygging. Eg vurderer at det vil bli relativt krevjande å makta å bygge veg og røyrgate slik som planlagt. Det vil vera positivt for grunneigarane i område om dei kunne få ein kjørbar veg opp på heia her.

- « -

Som nemnd innleiingsvis så blir vi bedne om å vurderer om prosjekta samla sett vil kunne gje ei for stor belastning på natur og samfunn i Åseral. Sjølv samla sett kan eg ikkje sjå at utbygging av dei aktuelle kraftverka gir ei belastning for Åseralsamfunnet av betydning. Desse prosjekta er som småplukk å rekna i høve til arbeida som går føre seg ved Skjerka, bygginga av trafostasjonen på Honna og Åseralprosjekta som truleg blir sett i gang.

- « -

Før møte i HDU fekk medlemmane tilsendt tilleggsinformasjon frå Ljosland Fallrettsameie (LF) ved styreleiar Ole Tommy Egenes. Informasjonen blei send medlemmane på bakgrunn av innstillinga frå administrasjonen.

Administrasjonen fekk høve til å kommentera informasjonen frå LF i møte. I denne saka er to av dokumenta av tilleggsinformasjonen frå LF lagt ved (Dei andre er omfangsrike rapportar.) Vi håper dette bidreg til å gje eit godt avgjerdsgrunnlag.

Nedanfor følgjer administrasjonen sine kommentarar til denne.

LF skriv «*Administrasjonen anbefaler at begge småkraftverka som vi har søkt om konsesjon for blir nektet konsesjon.*» Dette er ikkje heilt rett. Som ein ser når ein les saksframstillinga så har administrasjonen innstilla på å avslå konsesjon for utbygging av Gjermundsbekken. Med omsyn til Skothomåna har vi tilrådd at verknadene for fisk må utgreiast nærare før ein tek stilling til søknaden.

Sakshandsamar har gått gjennom det som står om verknader for fisk (i rapporten om biologisk mangfald) ved utbygginga i elva frå skothomtjønn på nytt.

Fleire punkt gjer meg usikker.

«Kap.6.3 Virkninger for lokalt elvemiljø – begge alternativer s. 47

En utbygging i elvemiljøet mellom Langavatn og Skothomtjønn (hovedalternativet), eller redusert utbygging (alt. 2) kan legge hindringer for fiskens vandringer lokalt, men avbøtende tiltak på inntaksdammen kan avbøte dette (jfr. avbøtende tiltak).»

«7 Aktuelle avbøtende tiltak s. 50:

Minstevannføring er lagt inn i prosjektforslaget med 500 l/s for hele året. Hvor stor avbøtende effekt denne minstevannføring vil ha er vanskelig å fastslå, men en avbøtende virkning vil være til stede for det akvatiske biologiske mangfoldet på elvestrekningen mellom Skothomtjønn og Fosstjønn, men med usikkerhet kontra virkning på vanddekt areal.»

«8.3 Usikkerhet i konsekvensvurderingene

Med minstevannføring på 500 l/s er det sannsynlig at negative konsekvenser blir moderate for lokalt naturmangfold.»

Eg føler meg ikkje overtydd om at dette er eit tilstrekkeleg godt avgjerdsgrunnlag. Utbygginga vil kunne få avgjerande verknad for den elva som kanskje vil vera det einaste reelle gyteområde for heile Langevatnmagasinet, men kanskje er det ikkje mogleg å få større vissheit. Ut frå dette vil eg gjera framlegg om at kommunen kan godta utbygging av elva frå Skothommen utan nærare utgreingar.

Sakshandsamar meiner framleis at Gjermundsbekken er den siste ordentlige bekken eller fossefallet på Ljosland (Ein tenkjer her på Ljoslandsgrenda). Dei andre bekkane som LF nemner er svært små og nærast utan landskapsmessig betydning (Tre av dei er vel knapt synlege frå Ljoslandsgrenda).

Ein held fast ved at det bør vera aktuelt å taka vare på Gjermundsbekken som eit sentralt landskapselement i Ljoslandsgrenda og i hyttefeltet den renn gjennom.

- « -

Handsaminga i HDU 05.04.2017 følgjer nedanfor:

Saksprotokoll i Hovudutval for Drift og Utvikling - 05.04.2017

Habilitet:

Gunvor Ljosland stilte spørsmål om hennar habilitet. Hovudutvalet vedtok Ljosland samrøystes ugild i medhald av fvl. § 6, 1. ledd. Lars Kittelstad møtte som vara for Gunvor Ljosland.

Framlegg:

Framlegg frå Aanen Breilid:

1. Det bør gjevast konsesjon til Gjermundsbekken som det blir søkt om.
2. Som framlegg
3. Det bør gjevast konsesjon til utbygging av Skothomtjønn som det blir søkt om.
2. avsnitt med følgjande tillegg: ...dersom det kan påvisast at det er hekking i det aktuelle området».
4. Som framlegg
5. Som framlegg
6. Som framlegg

Votering:

Framlegg frå Aanen Breilid vart samrøystes vedteke.

Uttale:

1. *Det bør gjevast konsesjon til Gjermundsbekken som det blir søkt om.*
2. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Herresbekken slik det blir søkt om.*
3. *Det bør gjevast konsesjon til utbygging av Skothomtjønna som det blir søkt om. Dersom NVE gir konsesjon må det settast føresetnad om at anleggsarbeid skjer utanfor hekketida til sårbare fugleartar i område dersom det kan påvisast at det er hekking i det aktuelle området.*
4. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Hamkollåna. Det er ein føresetnad for dette at det blir dokumentert at kraftverket ikkje vil gje støyplager for fastbuande.*
5. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Blikksåna slik det blir søkt om.*
6. *Gjennomføring av dei aktuelle prosjekta vil til saman ikkje ha nokon nemneverdig effekt på Åseralsamfunnet, men ein syner til merknadene ein har til dei einstilte søknadene.*

- « -

Framlegg til uttale:

1. Det bør ikkje gjevast konsesjon for utbygging av Gjermundsbekken. Grunngevinga for dette er at den nedre delen av bekken er eit viktig element i landskapet på Ljosland. Bekken renn gjennom eit område som er regulert til utbygging (hytter).
2. Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Herresbekken slik det blir søkt om.
3. Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Skothomtjønna slik det blir søkt om.

Dersom NVE gir konsesjon må det settast føresetnad om at anleggsarbeid skjer utanfor hekketida til sårbare fugleartar i område.
4. Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Hamkollåna. Det er ein føresetnad for dette at det blir dokumentert at kraftverket ikkje vil gje støyplager for fastbuande.
5. Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Blikksåna slik det blir søkt om.
6. Gjennomføring av dei aktuelle prosjekta vil til saman ikkje ha nokon nemneverdig effekt på Åseralsamfunnet, men ein syner til merknadene ein har til dei einstilte søknadene.

Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 02.05.2017

Habilitet:

Ordførar Oddmund Ljosland gjekk frå som ugild i medhald av fvl § 6, 1. ledd, bokstav A. Det møtte ikkje vararepresentant.

Varaordførar Anne Lisbeth Thorsland leia møtet.

Framlegg:

Felles framlegg:

7. Det bør gjevast konsesjon til Gjermundsbekken som det blir søkt om.
8. Som framlegg
9. Det bør gjevast konsesjon til utbygging av Skothomtjønna som det blir søkt om.
10. Som framlegg
11. Som framlegg
12. Gjennomføring av dei aktuelle prosjekta vil til saman ikkje ha nokon nemneverdig negativ effekt på Åseralsamfunnet.

Votering:

Framlegg frå administrasjonen fekk ingen røyster.

Framlegg frå Hovudutval for drift og utvikling fekk ingen røyster.

Felles framlegg fekk 4 røyster (A. Thorsland, O. Åsland, G. Aasheim, B. Haugstad).

Uttale:

1. *Det bør gjevast konsesjon til Gjermundsbekken som det blir søkt om.*
2. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Herresbekken slik det blir søkt om.*
3. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Skothomtjønna slik det blir søkt om.*
4. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Hamkollåna. Det er ein føresetnad for dette at det blir dokumentert at kraftverket ikkje vil gje støyplager for fastbuande.*
5. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Blikksåna slik det blir søkt om.*
6. *Gjennomføring av dei aktuelle prosjekta vil til saman ikkje ha nokon nemneverdig negativ effekt på Åseralsamfunnet.*

Saksprotokoll i Kommunestyret - 15.05.2017

Habilitet:

Ordførar Oddmund Ljosland gjekk frå som ugild i medhald av fvl § 6, 1. ledd, bokstav A.

Det møtte ikkje vararepresentant.

Gunvor Ljosland gjekk frå som ugild i medhald av fvl § 6, 1. ledd, bokstav B

Astrid Skeibrok møtte for Gunvor Ljosland. Det møtte ikkje vararepresentant for ordførar Oddmund Ljosland.

Varaordførar Anne Lisbeth Thorsland leia møtet.

Votering:

Framlegget frå rådmannen fekk ingen røyster.

Tilråding frå Hovudutval for Drift og Utvikling fekk ingen røyster.

Kommunalutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Det bør gjevast konsesjon til Gjermundsbekken som det blir søkt om.*
2. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Herresbekken slik det blir søkt om.*
3. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Skothomtjønna slik det blir søkt om.*
4. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Hamkollåna. Det er ein føresetnad for dette at det blir dokumentert at kraftverket ikkje vil gje støyplager for fastbuande.*
5. *Det bør gjevast konsesjon for utbygging av Blikksåna slik det blir søkt om.*
6. *Gjennomføring av dei aktuelle prosjekta vil til saman ikkje ha nokon nemneverdig negativ effekt på Åseralsamfunnet.*

Parter i saka:

Bekk og Strøm AS	Rigetjønneveien 14	4626	KRISTIANSAND S
Lars Petter Smeland	Pål Eikens vei 33	4596	EIKEN
Ljosland	Tyribakken 20	4878	GRIMSTAD
Fallrettsameie ved Ole Tommy Egenes			
NVE,	Postboks 5091	0301 OSLO	
Konsesjonsavdelinga	Majorstua		
Tinfoss AS	OH Holtas gate 32	3678	NOTODDEN